

Tankar om hjorteforvaltning i Vaksdal kommune

Hjorteviltforskrifta.

«Formålet med denne forskriften er at forvaltningen av hjortevilt ivaretar bestandenes og leveområdenes produktivitet og mangfold. Det skal legges til rette for en lokal og bærekraftig forvaltning med sikte på nærings- og rekreasjonsmessig bruk av hjorteviltressursene. Forvaltningen skal videre sikre bestandsstørrelser som fører til at hjortevilt ikke forårsaker uakseptable skader og ulemper på andre samfunnsinteresser.»

Vårt utgangspunkt som bønder ligg spesielt i denne delen: **Forvaltningen skal videre sikre bestandsstørrelser som fører til at hjortevilt ikke forårsaker uakseptable skader og ulemper på andre samfunnsinteresser.**

Gjerde.

Når det er blitt slik at me må gjerde ute hjorten frå innmark er det eit teikn på at hjortestammen er blitt for stor. På inngjerda område på Lavik har avlingane auka frå 3 rundballe pr. dekar til 6 rundballar pr. dekar med same innsatsfaktorar. Dette viser kor mykje hjorten gjer innhogg i bonden sin økonomi. Hjorten har gått frå å vera ein utmarksressurs til å verta eit innmarksproblem.

Minkande slaktevekter viser også at stammen er blitt for stor. Me har ikkje lenger ei sterke og levetrivelig hjortestamme.

Å gjerde inn innmark løyser heller ikkje problemet med at det er for mange hjort. De er berre auka avskyting som løyser dette

Livskraftig.

Både jegrar og bønder ynskjer ei livskraftig hjortestamme, men forskjellen er at bøndene har økonomiske tap av at hjorten beitar innmark. Det har ikkje dei som berre har interesse av jakta. Problemet er det same om me bur i Bergsdalen, i Søndalen, Modalen eller Eksingedalen.

Krafttak.

For å bøte på dette er det ikkje nok å redusere litt og litt på areal pr. fellingsløyve. Då vil hjortestamma halda fram med å auke. Det må takast i så det monar, ein må setje areal pr. løyve til 250 dekar. Andre område som det er naturleg å samanlikne seg med har hatt dette arealkravet i 20 år allereie. Det er på høg tid at Vaksdal kommune også tek dette verkemiddelet i bruk. Dette må gjelda heilt til hjortestamma har ein størrelse etter den nasjonale målsetjinga. Deretter er det råd å auke arealkravet dersom det skulle vera nødvendig.

Teljing.

Me tilbyr oss å vera med på teljing av hjort, dokumentert med bilde der det er råd. Me som bur på gardane her ein unik tilgang på å kunne dokumentera dyr på innmark. Og å gjera dette på ulike tider av året. Slik det er no har me ei kjensle av å ikkje bli truidd når me fortel om problemet.

Jaktstart.

Vanleg tidspunkt for start av hjortejakta er 1. september. Kommunar som grensar inn mot villreinområde har fått starta jakta tidlegare. Spesielt for øvre Eksingedalen er det viktig å få starta jakta tidlegare enn no. Den 15. august er ein høveleg dato. Me grensar inn mot eit villreinområde, og det skal vera eit godt nok argument for å få dette til. Ei utviding av jakta til midten av januar er også ynskjeleg for ei effektiv redusering av hjortestamma. Det vil også gi ein høg fellingsprosent. Så kan me kanskje unngå å måtte søkje om skadefelling og spare både oss og kommunen for tid.

Tap.

Det er gjort forsøk på kor mykje skade hjorten gjer på innmark. Dette er berekna til opp mot kr. 1000,- pr. dekar (tal frå Norsk Landbruksrådgiving). Det betyr at dersom ein bonde har mykje hjort på 100 dekar av garden sin utgjer dette eit tap på kr. 100.000,- årleg. Me som er bønder ser på desse utgiftene som ein ekstraskatt. Ikkje akkurat det me treng i ein frå før pressa økonomisk situasjon.

Konklusjon.

Det er auka avskyting med eit arealkrav på 250 dekar pr. dyr som er nødvendig for å redusere hjortestamma. Dyr som beitar på innmark må jaktast på utan å måtta ta hensyn til alder og kjønn i den perioden stamma skal reduserast. Desse dyra gjer skade same kva kategori dei hører til. For hjort som har fått smaken på godt dyrka gras vil velja dette som mat.

Helsing mjølkeprodusentar i Vaksdal kommune.

Olav og Anita Gullbrå

Raymond Olav Reite

Annika N. og Odd Inge Brønstad

Haldis B. og Gaute Øvstedal

Gøril K. og Lars Bjarte Nesheim

Dan Børge Høvik

Einar Trefall og Sunniva Sjurstrøm

Håkon Tyssen

Olaug og Helge Terje Fosse

Sofrid U. og Magnar Nese